

Os kyrkjelyd inviterer til



Konfirmantåret
2021/2022

Lurer du på om du skal konfirmere deg?

Det er mange grunner til å velja konfirmasjon

Kva er viktig for deg? Tradisjonen, festen og gåvene, få nye venner....?

I konfirmasjonstida er det rom for å utforske mange viktige sider av livet saman med andre. Du får lære meir om Gud, om trua, om deg sjølv og den verda du er ein del av.

Uansett grunn er det viktig at du vel dette fordi du sjølv ønsker det.

Vi håpar du vil vera konfirmant hos oss!

KVA ER KONFIRMASJON?

Ordet konfirmasjon kan bety både å «bekrefte» og å «gjere sterk». Eit høgdepunkt i konfirmasjonsgudstenesta er når vi bed Gud om å velsigne deg på din veg vidare i livet. Det viktigaste med konfirmasjonstida er å vera ein del av eit fellesskap og bli betre kjend med den kristne trua. Konfirmasjonen er ei påminning om at Gud i dåpen sa ja til å vera ein del av ditt liv.

Er du døypt, men likevel i tvil om du vil verta konfirmert? Du kan velja å delta i konfirmantopplegget og så ta eit val utifrå det.

Er du ikkje døypt, men ønsker å konfirmerast? Du kan delta på konfirmantopplegget, få ein kristen dåp i løpet av året og så bli konfirmert.

Velkomen til ei spennande og utfordrande konfirmanttid!

Vi kan tilby eit variert og spennande opplegg som vi trur vil falla i smak hos mange! Ta ein kikk og sjå om dette er noko for deg.



Undervisning

Konfirmantopplegget i Os kyrkjelyd går frå august til mai og er variert og innholdsrikt. Vi har undervisningssamvær, gruppeaktivitet, gudstenester, turar og leir.

KVA ER KONFIRMANTEN MED PÅ?

Konfirmantopplegget i Den norske kyrkja inneber minst 60 timer variert undervisning som inneheld desse elementa:

- Kick Off helg i august (22.august)
- 8 undervisnings samlingar
- 6 gruppesamlingar (frå sept. til april)
- 8 gudstenester i løpet av året
- Kirkens Nødhjelp sin innsamlingsaksjon i fastetida (3. april).

Konfirmasjonstida er ein viktig del av trusopplæringa di. Den gjev kunnskap og hjelp til å ta eit sjølvstendig val i høve til trua og fellesskapet du høyrar til gjennom dåpen. Konfirmasjonen bekreftar ditt val.

Presentasjon av konfirmantane, hausten 2021

Alle konfirmantar vert presenterte for kyrkjelyden på ei presentasjonsgudsteneste:

- **Os kyrkje**, søndag 12.sept kl 11.15, og 19. sept kl. 11.00
- **Nore Neset kyrkje**, søndag 19.sept og 3.oktober kl. 11.00
- **Søfteland bedehus**, søndag 12.sept kl. 11.00

Kick Off/opstart for alle konfirmantar, søndag 22. august

Oversikt over heile konfirmantåret

| ARBEIDSFORM | ANTALL |
|---|--------|
| Gudstenester, 8 gonger: | |
| • Kick Off gudsteneste i august | 1 gong |
| • Presentasjonsgudsteneste – Konfirmantane i Os sokn vert presentert | 1g |
| • Gudstenesteverkstad og deltaking med gruppa | 1g |
| • Andre gudstenester – Konfirmanten vel sjølv tid, stad og type gudsteneste | 5g |
| Temaundervisning - på storsamlingar og gruppevis | 8g |
| Aktivitetsgruppe – Du kan velje mellom gruppene som er presentert her i brosjyra | 6g |
| Fasteaksjonen – KickOff samling tirsdag 29.mars. Innsamlingsaksjon søndag 3. april | 2g |
| Foreldremøter – haust og vår | |
| Leir eller weekend-turar med nokre av gruppene | |
| Førebuing til konfirmasjonsgudstenesta – førebuing ons/tors før konfirmasjonsdagen | 1g |

Konfirmantavgift

for dei ulike tilboda

Konfirmantavgift

For å dekkje inn utgifter til undervisningsmateriell, leige av lokale + konfirmantkappe, enkle turar, mat og ulike arrangement har vi ei konfirmantavgift på 950,-

Nokre grupper har aktiviteter som krev ekstra utgifter utanom grunnavgifta. Utgifter til leir og turar kjem i tillegg. Sjå gruppeinformasjon.

Økonomi skal ikkje vera eit hinder for å vera konfirmant. Ta kontakt med oss ved behov for ei anna ordning!

Betaling: Giro vert utsendt i oktober med betalingsfrist 1. november.

MERK!: Ved behov for annan ordning/avtale er de velkomne til å ta kontakt med kyrkjekontoret!

Konfirmasjon for alle

Alle er velkomne til konfirmasjonstid i kyrkja– både du som trur, tviler, er usikker, ikkje trur, ikkje har tenkt på sånt før eller er nysgjerrig. Alle menneske er ulike, og uansett funksjonsevne har du rett til ei god konfirmanttid.

Har du behov for individuell tilrettelegging, meld frå om dette ved påmelding.



Kreativ forming og mat

Dette er gruppa for deg som er glad i å lage mat, og likar å lage ting, vera kreativ og prøve nye formingsteknikker. I denne gruppa lagar vi god mat og et saman det eine halve året, og prøver oss på kreative prosjekt det andre halve året.

Her tar vi det med ro og kosar oss i eit herleg kreativt fellesskap.

Join Us

SONG – BAND - DANS – PRODUKSJON

I år kan du velje å vera konfirmant i ei av desse gruppene i Join Us:

Join Us er eit ungdomsarbeid som består av **KOR, DANS, BAND, og PRODUKSJON**. Her får du oppleva kjekke aktivitetar, medansvar og mykje moro som kan utvikla og inspirera deg. Dette er gruppa for deg som ønskjer eit fast og sosialt treffpunkt og eit godt fellesskap.

Samling kvar onsdag kl. 18.30-20.15, kor er ein held på med sin gruppeaktivitet. Frivillig mat og sosialt frå 20.15 – 21.

Pristillegg kr. 500,- (kontingent KFUK-M + sosialweekend)

Evt andre arrangement kjem i tillegg.

Ved påmelding – velg ei av gruppene.





Film

Liker du å sjå på film?

I denne gruppa skal vi sjå filmer frå ulike sjangrar som for eksempel komedie, action, drama, musikk osv. Filmene vil røre ved ulike tema som vi snakkar litt om i etterkant.


Så ta med litt god snacks og bli med å sjå film på storskjerm med god lyd i Tunet!

Garasje/mekking

Likar du å fikse og «mekke» på sykler, biler, moped og anna teknisk utstyr? Liker du å jobbe i garasjen og tåler olje og skitt på hendene?

I denne gruppa kan du få halde på med interessa di innan dette feltet. Du får prøve deg på sveising og får opplæring i korleis vi kan ta vare på tinga våre og bruke dei opp att.

***Få plassar,
og kun for dei som er veldig interesserte.***



Saman FORandre

BLI MED OG GJER EIN FORSKJELL!

Saman Forandre – konfirmantane er med på å skape kjekke, gode og inkluderande arrangement for andre. Fokuset gjennom året er FN sine bærekraftsmål; fred og rettferdighet, reint vatn, god helse og mykje meir. Vi knytter og arbeidet opp mot Språkkafeen, Venneveko og Fasteaksjonen. Saman kan vi bety ein forskjell!

Vi samlast mandagar etter skuletid, ca ein gong pr mnd.



Konfirmantgrupper



GOLF

Golf er verdas største individuelle idrett. Det er lett å læra, utfordrande og meistre og gøy og spele uansett nivå. Golfgruppa er eit samarbeid mellom Os kyrkjelyd og Bjørnafjorden Golfklubb.

Grupesamlingane er på golfklubben. Her får du lære alt du treng for å få godkjent VTG kurs (Veien til Golf), på range, bane og simulator.

Pristillegg: 250,-

Båt og sjøliv

Har du lyst å ta båtførarbeviset? No har du sjansen.

I denne gruppa vil du få oppleva litt sjøliv og ta båtførarkurset. Vi samlast til to samling på hausten for å bli betre kjent med kvarandre og ta ein tur ut på sjøen.

På våren blir det ei helgesamling med undervisning fredag og laurdag, og båtførarprøven på søndagen. Beviset får du tilsendt når du er fylt 16 år.

Pristillegg: 1300,-
(båtførarprøven og teorikurset)





Friluftsliv

UTFORSK LIVET - NATUREN - TRUA!


Denne gruppa legg vekt på å bli sikker på turplanlegging og gjennomføring av tur i nærområda våre. For det meste er vi utandørs. Du kan få prøva t.d. kanopadling, øve deg i førstehjelp, bli kjent med «allemannsretten», kart og kompass som er kunnskapar som trengs for å kunne ferdast sikkert i naturen. Du treng ikkje vera superspek for å vera med, men det er viktig at du er open for å prøva noko nytt. Det blir garantert flotte opplevingar og gode samtalar. Vi har 3 gruppesamlingar før jul og eit planleggingsmøte pluss ein litt lengre tur på våren.

INFORMASJON TIL FØRESETTE

Velkommen til samarbeid!

De som foreldre/ føresette er viktige medspelarar i konfirmanttida.

I påmeldinga kan de melde frå om kva de kan bistå med i konfirmantarbeidet.



Velkommen til samarbeid. Vi treng hjelp til:

- Bake til og hjelpe til på kyrkjekaffi.
- Søndag 3. april, sjåfør, bøsseberar m.m.
- Vaksen støtte ved større arrangement og turar (Nattcup, turar og leirar).
- Vaksen støtte på nokre gruppesamlingar, klubbkveldar og korøvingar.

Dette ber vi dykk ta medansvar for:

- Meld frå om særskilde behov (t.d. lesevanskar, allergiar, funksjonshemming og anna) slik at vi kan leggja til rette så godt som mogeleg utifrå behova.
- Hjelp konfirmanten til å møte på de samlingane dei skal.
- Meld frå skriftleg ved sjukdom eller anna nødvendig fråvær.
- Hjelp konfirmanten å prioritera konfirmantsamvera framfor fritidsaktivitetar.
- Sjå til at konfirmanten lærer kjernestoffet som dei får tildelt.

Digitalt informasjonsmøte for konfirmantar og føresette.

FØR PÅMELDING

legg vi ut ei digital sending/informasjonsmøte med opplysningar om opplegg og forventningar for konfirmasjonstida i Os. Lenke finn du etterkvart på nettsida vår.

Torsdag 3. juni kl 19.00

Påmelding

www.kyrkja.no/os

Påmeldinga til konfirmantåret skjer via internett, av ein føresatt. Fyll inn all informasjon vi ber om og klikk på «send» for å fullføre påmeldinga.

Du får ei stadfesting om at påmelding er motteke på e-post.

Kontakt oss om du ikkje har motteke bekreftinga, tlf. 56 57 24 00.

Påmeldingsfrist: innan 13.juni

Alle påmelde konfirmantar **vert då vurdert likt** ved fordeling i gruppene.

Påmeldte etter denne fristen vert plassert i gruppe utifrå ledig kapasitet. Konfirmant og føresette vert innkalla til ein PÅMELDINGSSAMTALE og innlevering av forventnings-avtala på kyrkjekontoret eller i Nore Neset kyrkje i august.

Vi vil gjere det vi kan for å leggje til rette ved spesielle behov. Meld frå om dette ved påmelding.

VIKTIG! Ved påmelding må du ha klar:

- Bilde av konfirmant
- Konfirmanten sin telefon og e-post
- Konfirmantens person.nr
- Dåpsdato og kyrkje for konfirmanten
- Føresette sin telefon og e-post

Det blir sendt ut detaljert informasjon til dei påmeldte konfirmantane i august. Då kjem og dato for foreldremøte.



I KONFIRMANTARBEIDET I OS MØTER VI KVARANDRE:

Høfleg, audmjukt og med respekt

SAMAN vil vi alle gjera vårt for å få til ei flott konfirmant tid. Dette krev di tid og heilhjarta innsats. Vi har mange tilsette og frivillige som bruker tid og krefter for å gje deg eit godt tilbod. Det er viktig at vi møter kvarandre med respekt og forståing og følgjer opp opplegg og avtalar.

Ditt ansvar er:

- å delta aktivt og ta omsyn til dei andre. å
- møte på samlingane, vera presis.
- å vera oppmerksam og til stades i heile undervisningstida.

Ved mykje fråvær og /eller gjentekne regelbrot vil konfirmantlærer kontakte dei føresette.

Respektlaus åtferd og stort fråvær kan føra til utsetjing av konfirmasjonen. I påmeldingssamtalen skriv konfirmant, føresett og konfirmantlærer under på ei forventningsavtale.



Har du spørsmål?

*Ring 56 57 24 00 eller send ein e-post til:
post@os.kyrkja.no*

*Du er óg velkomen innom kontoret
for ein prat på Kyrkjetunet, Øyro 49.*

www.kyrkja.no/os